



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

Dato: 27.03.2017  
Vår ref.: 2016/6854-4  
Saksbehandlar: sveheg1  
Dykkar ref.:

## Produksjonsskule som nasjonalt pilotprosjekt - oppfølging av møte med statsråd Torbjørn Røe Isaksen 14.02.2017

Viser til møte med statsråd Torbjørn Røe Isaksen i Stortinget 14.02.2017.

Vi er svært takksame for at statsråden på kort varsel fann tid til å møte oss og drøfte tanken om eit nasjonalt pilotprosjekt retta inn mot ungdom som kan ha nytte av eit tilbakeførande tiltak til vidaregåande opplæring. Frå vår side tok initiativet til eit møte utgangspunkt i brev til KD dagsett 04.07.2016, der fylkesrådmann sökte om støtte til utvikling og pilotering av Hardanger produksjonsskule.

I søknaden frå Hordaland fylkeskommune vart konseptet produksjonsskule mellom anna omtalt slik:

*Produksjonsskule er ei pedagogisk og organisatorisk tilnærming som tek utgangspunkt i at alle har noko å bidra med i sin eigen læringssituasjon. Det er etter kvart mange som har henta inspirasjon frå den danske modellen produksjonsskole. Eit sentralt element i den danske tenkinga er omgrepene danning, ikkje minst danning gjennom arbeid. Det ser ut til at rytmen i autentisk, produktivt arbeid har ein motiverande og disciplinerande funksjon for ungdom som har hatt for usikre rammer rundt seg, eller som på anna vis har opplevd at tradisjonell skulegang har passa därleg.*

*Produksjonsskule i Hardanger er ei oppfølging av dei første erfaringane Hordaland fylkeskommune har gjort med modellen produksjonsskule. Frå januar 2015 har fylkeskommunen hatt tilbodet Hyssingen produksjonsskule i Bergen. Både verstadene vi tilbyr, og det pedagogiske opplegget, ser ut til å treffe mange unge som har falle ut av vidaregåande opplæring. Ungdomen kjenner verdien av å meistre praktiske arbeidssituasjoner og å få vere med på å skape rammene rundt arbeidet. Den sosiale fellesskapen er ein kjerne i arbeidet med å gjenreise motivasjon og læreryst.*

Vi opplevde at statsråden hadde god kjennskap til produksjonsskule som tilbakeføringstiltak, og det var svært inspirerande å høre at statsråden ville vurdere ei noko meir omfattande utprøving av dette tilbodet enn det som gjekk fram av søknaden frå Hordaland fylkeskommune. Slik vi forstod dette, vil det vere aktuelt å invitere fleire fylkeskommunar eller andre aktørar til å kvalifisere seg for ei nasjonal utprøving gjennom søknad på utlyste prosjektmidlar.

Hordaland fylkeskommune har i 2017 arbeidd vidare med prosjektskissa som følgde søknaden 04.07.16. Med tanke på at vi snart vil få ny overordna del av læreplanen, ser vi det som svært viktig å avstemme konseptet produksjonsskule mot berande prinsipp i denne planen.

Vi kjenner ikkje kva framdrift som er tenkt for å definere eit nasjonalt pilotprosjekt og lyse ut prosjekttressursar. Det er likevel vårt ynskje at det kan kome signal om ei slik satsing gjennom revidert nasjonalbudsjett.

Pål Kårbø  
fylkesordførar

Roald Kvamme  
fylkesvaraordførar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*